

Fra: Egedomsseksjonen - Postmottak (Postmottak.egedomsseksjonen@hfk.no)
Sendt: 27.02.2014 08:03:16
Til: Guro Klyve
Kopi:

Emne: VS: Leigeavtale Handeland Skytebane
Vedlegg: Leige Handeland.pdf

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Kai E. Dale [<mailto:kai.esten.dale@knett.no>]
Sendt: 26. februar 2014 22:51
Til: Egedomsseksjonen - Postmottak
Kopi: Fylkeskassen - Postmottak
Emne: Leigeavtale Handeland Skytebane

Hei

Eg er leiar i Husnes Skyttarlag som har tilhold på Handeland Skytebane i Kvinnherad Kommune. Tomt og areal der skytebanen ligg hørte tidlegare til Valen og Handeland Gard. Etter at denne i si tid vart overført til Hordaland Fylkeskommune ved oppretting av helseforetaka har Husnes Skyttarlag kontakta Hordaland Fylkeskommune for å få avklart leigeforhold av banen.

Me fekk den gongen tilbake i 2002 beskjed om at dette skulle me avtale med gardsbestyrar Jarle Mehammer. Dette har Husnes Skyttarlag gjort og me har inngått leige av skytebanen fram t.o.m. 2017. Leige for skytebanen er betalt inn til Fylkeskasseraren i Hordaland.

Me har no fått vite at Valen Skyttarlag har inngått leigeavtale av same skytebane no i haust. Dette har vært gjort i ein periode der garden skulle leggjast ut for sal og Hordaland Fylkeskommune ikkje ville inngå nye avtalar eller selja ut deler av grunnen.

I tillegg til dette så har Hordaland Fylkeskommune inngått ein leigeavtale av Handeland Skytebane mens denne framleis er utleigd til ein annan part utan at denne parten er informert.

Me kan ikkje skjønna korleis Hordaland Fylkeskommune kan leige ut eit område til ny leigetakar når dette området allereie er utleigd til annan leigetakar. Eg vil svært gjerne ha ein kopi av denne avtalen då dette i aller høgste grad påverkar vår aktivitet på skytebanen. Sidan Husnes Skyttarlag allereie har leigeavtale for skytebanen er det og naturleg at me får leigeavtale på banen på same vilkår som Valen Skyttarlag har fått. Dei har etter det eg kjenner til aldri tidlegare hatt leigeavtale på skytebanen.

Vedlagt er kvittering for betaling av leige av banen som er gjort for åra 2002 - 2017.

Med helsing
Kai Esten Dale
-leiar Husens Skyttarlag-